

**KORT OMTALE AV PROSJEKT SOM HAR FÅTT TILDELTE
KVALITETSUTVIKLINGSMIDLAR I 2010**

Skjema skal brukast som informasjon til nettstaden om kvalitetssatsinga i Helse Vest.

Prosjektnamn

Moderne sengepostar

Prosjekteigar (Helseforetak/avdeling/eining som er ansvarleg for prosjekt)

Helse Førde, Direktør kirurgisk klinikk Tore Dvergsdal

Prosjektleder (kontaktperson)

Kari Holvik Furevik, avd.sjef AHH, FSS

Bakgrunn for prosjektet/hovudpunkt.

Kvifor blei prosjektet starta?

Helse Førde har vore, og er i ein fase der ein jobbar systematisk med å legge om drifta til ei meir moderne spesialisert behandling som skal medføre større del dagbehandling og dagkirurgi. Dette får stor innverknad på aktiviteten ved dei somatiske sengepostane. Med bakgrunn i dette, må drifta på sengepostane endrast

Mål for prosjektet

Kva for forbetringar håper de at prosjektet skal føre til?

Prosjekt **Moderne sengepostar** skal syte for arbeidsformer på sengepostane som sikrar at pasientane mottek kunnskapsbasert medisinsk behandling og pleie, innan dei nye driftsformene.

Ved å gjennomføre prosjektet ynskjer ein:

- Unngå unødige liggedøger for pasientane
- At pasientane innanfor medisinsk faglege rammer mottek like behandlingstilbod, uansett kva sengepost dei er på
- Pasientsikre tenester
- Tilfredsstillande pasientopplevd kvalitet
- Personalressursar nytta på riktig nivå til rette oppgåver
- Samhandling og samarbeid mellom dei ulike profesjonane som skal sikre fagleg kvalitet og effektiv ressursutnytting
- Systematisk og framtidsretta arbeidsformer

System for læring og fagutvikling både innanfor og mellom sengepostane

Metodisk tilnærming/evaluering av effekt

Kva skal gjerast og korleis skal effekten av tiltaket målast?

Metodisk tilnærming:

- Prosjektet nyttar Forbetringsprogrammet sine metodar.
- Det er starta ei systematisk kartlegging av alle dei somatiske sengepostane i føretaket. Dette vert gjennomført ved semistrukturerte intervju ved alle sengepostane, av hjelpepleiar, sjukepleiar, turnuslege, LIS, overlege, oversjukepleiar, seksjonsoverlege og avdelingssjef. Føremålet med intervjuet er å kartleggje arbeidsformer, roller og oppgåver i

sengeposten, samt døgnrytmeplanen til sengepostane. Informasjonen frå intervjuet vil bli systematisert. I tillegg til funna frå intervjuet vil ein trekkje ut aktuell styringsinformasjon, for ytterlegare kunnskap om drifta.

- Det vil bli gjennomført ei benchmarking av praksis og erfaringar ved andre aktuelle sjukehus.
- Funna frå kartlegginga vil definere aktuelle område for forbetring.

Evaluering av effekt

I prosjektet vil det bli definert prosess- og resultatindikatorar for dei ulike tiltaka og endringane modellane vil medføre. Til dømes tal liggedøger for ulike forventede pasientforløp, indikatorar for pasientopplevd kvalitet, sjekklister for å sikre pasienttryggleik og indikatorar som syner at vi nyttar kunnskapsbasert praksis. Desse vil bli monitorert ved å nytte statistisk prosesskontroll SPC.

Planlagt bruk av resultat i eiga eining (implementering i drift m.v.)

Resultat eller endringar som kjem fram gjennom prosjektet vil etter kvart bli implementert i drift, og ansvar overført til linja og ut på dei einiskilde einingar.

Overføringsverdi/overføring av kunnskap til andre einingar i regionen

Fagtidsskrift, vitenskapelig artikkel, presentasjon på fagdagar, konferansar osv.

Prosjektet gjeld alle somatiske sengepostar i Helse Førde.

Bakgrunnen for prosjektet er ein generell trend innanfor helsefaga. Andre helseføretak vil difor kunne ha stor nytteverdi av nye arbeidsformer som sikrar meir moderne drift av sengepostar.

Kommunal sektor vil og ha nytte av prosjektet med tanke på samhandlingsreforma og eventuelt oppbygging av interkommunale "sengepostar

Oppstartstidspunkt (planlagt)

Starta februar 2010

Sluttidspunkt (planlagt)

Juni 2011